

# Tiltaksstrategier for tilskotsordninga SMIL for Austevoll kommune 2020 - 2023

## ***SMIL: spesielle miljøtiltak i jordbruket.***

Konkrete tiltaksstrategiar er ei rullering av strategiplan i 2011 og i 2016. Denne tiltaksstrategien skal gje grunnlag for og skal vera rettleiande når landbrukskontoret handsamar innkomne søknadar om tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket i perioden 2020-2023. Strategiplanen er utarbeida av landbrukskontoret i dialog med landbruksorganisasjonane i Austevoll og Fylkesmannen Vestland. Utlysing av søknadsordninga vert lagt ut på Austevoll si heimeside før årleg søknadsfrist.

### **Planperiode**

Tiltaksstrategien gjeld frå den er vedtatt politisk i Austevoll kommune i 2020 til 31.12.2023.



## Særtrekk og utfordringar i Austevoll

Austevoll er ein øykommune utan vegforbindelse til andre kommunar, men har ferjeforbindelse mot Bergen i nord og mot Stordøya i sør. Mellom dei største øyane i kommunen er det bru. Bebudde, veglause øyer har ekspressbåt med jamleg anløp. Det er og mange små beiteøyar med kystlynghei. Jordbruket i Austevoll er kjenneteikna ved utegangerdrift med tyngde i «gamal norsk sau av norrøn rase», og kalla «Austevollsau».

Det er og eit par landbruksføretak med produksjon av mjølk og storfekjøtt, med utfordringar knytt til moderne stordrift.

Busetnaden i kommunen er for det meste spreidd, men her er og tilrettelagde bustadfelt. Det er mange fritidsboligar, både i utmark og i etablerte hytteområder.

Kulturlandskap og kulturminne fortel at Austevoll har hatt busetnad sidan steinalderen. I dag er kulturlandskapet prega av små kystgardane, spredde jordbrukssteiger, og kulturminne med naturleg tilknytning til gardstunet og sjøbruksmiljøet. Nokre områder har hatt mange frådelingar og oppstykking av landbrukseigedomar. Dette er idag ei utfordring for ivaretaking av kulturlandskap og kulturminne. På slike stader er det viktig å sjå landbruksverdien knytt til eit større område og ikkje avgrensa til den enkelte landbrukseigedom.

Fleire stader vert lyngbeite skjøtta med heilårsbeiting og jamleg sviing, men det er og svært mykje gamal lyng i attgroing. I tillegg til mindre sviing i lynghei, er mellom anna sitkagran, ein stor utfordring for det tradisjonelt opne kystlandskapet med kystlynghei.

Kulturminne knytt til steinkonstruksjonar og dei tradisjonelle landbruksbygg - og sjøbruksmiljø set preg på kommunen.

Austevoll sitt særegne kulturlandskap med kulturminner og lyngheier er utsett, og kan gå tapt utan rett bruk og ivaretaking.



## **Overordna planar og målformuleringer**

**"Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket"** ligg til grunn. Den er fastsett av Landbruksdepartementet 16. februar 2015 med heimel i Jordlova av 12. mai 1995, §§ 3 og 18. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448>

### **Gjeldane kommuneplan:**

<https://www.austevoll.kommune.no/tenester/planar/kommuneplanen/arealdelen/>

**Kulturminneplan 2016-2018.** Delplan av kommuneplanen sin samfunnsdel. Målet med kommunedelplan for kulturminne er å styrke kulturminnevernet i Austevoll. Hovudutfordringa for kulturminnevernet er tap av bygningar og kulturmiljø.

**RMP** Regionalt miljøprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane gjennom Fylkesmannen i Vestland frå 2019. Satsingsområde skissert i rettleiingsheftet er retningsgjevande for Austevoll sine prioriteringar. <https://www.fylkesmannen.no/vl/rmp>

**Naturmangfaldlova** (Lov 2009-06-19-100) er ein naturleg del av all forvaltning og eit viktig verktøy i vurdering av løvving og vilkår ved løvving.

**Vassforskrifta** (FOR-2006-12-15-1446) med tilhøyrande regional vassforvaltningsplan for perioden 2016-2021 og 2022-2027, Vassressurslova § 11

**Forureningslova** (LOV-1981-03-13-6)



## **Tematiske prioriteringar**

Tema er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. Mellom dei prioriterte tema vert gjennomføringsevne og effekt av tiltaket vurdert.

### **Tiltak som gir eit ope og velskjøtta kulturlandskap**

- restaurering av kystlynghei i attgroing/degenerering
- rydding av attgrodd kulturlandskap og tilrettelegging for beiting
- mot forsumping av jordbruksareal
- skjøtselplaner for samarbeidtiltak

### **Tiltak mot uønska vekster og svartelista arter**

- fjerning av sitkagran og motarbeide spreiing av sitkagran i tradisjonelt ope kulturlandskap.
- fjerning av Parkslirekne

### **Tiltak som ivaretak kulturminne, bygningar og bygningsmiljø**

- Restaurering av bygningar i tilknytning til den tradisjonelle kystgarden i Austevoll.
- Restaurering av steingardar og andre kulturminne i kulturlandskapet

### **Tiltak som kjem folk flest til gode.**

- informasjon om verdiar knytt til landbrukets kulturlandskap
- Tilrettelegging av turstier (skilt, merking, grinder ol) i kulturlandskapet

### **Forureining**

- redusere tap av næringsstoff, partiklar og anna forureinande utslepp til jord, vatn eller luft frå jordbruksareal, fòr eller gjødsel
- redusere bruk av landbruksplast

### **Klima og miljø**

- hindre gasstap frå gjødsellager
- istandsetting av bekker og opne kanaler
- tilrettelegging for pollinerende insekt



## Geografiske prioriteringar av ordningar/tiltak

- **Øyane på vestsida:** restaurering av kystlynghei med sviing og vinterbeiting
- **Hundvåko og Storakalsøy:** tiltak som ivaretak bygningsmiljø i kulturlandskap knytt til kystgardane
- **Storebø:** gode miljøtiltak i tilknyting til kommunesenteret som kjem både landbruksnæringa og innbyggjarane til gode.
- **Litlakalsøy:** tiltak som ivaretak artsrik beitemark og kulturlandskapet



## **Planlagd aktivitet for auka satsing/-søknadsmengd**

- Det har vore og vil verta halde kurs i skjøtsel av kystlynghei for brukarar med vinterbeiting av kystlynghei. Det vert viktig å setja fokus på enkeltområder, der ein kan få godt utbytte med enkle tiltak.
- Prosjekt i samband med fjerning av sitkagran og andre svartelista arter



## **Rettleiande satsar**

Rettleiande satsar frå Fylkesmannen Vestland vert nytta ved tildeling av tilskot.

## **Forventa trøng for økonomiske virkemiddel**

	Løyvd tilskot frå FMLA	Løyvd frå kommune til SMIL tiltak	Innkomne søknader/løyvingar	søkjrarar
2019	60 000	109 700	10/8	8
2018	60 000	129 750	10/8	6
2017	50 000	122 500	5/5	2
2016	70 000	61 700	3	3
2015	40 000		1	1

**Forventa trøng for årlege SMIL tilskot i Austevoll er kr 150 000,- pr år.**

## Aktuelle linker:

Nibio: [https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone\\_cache&X=7195706.12&Y=275054.87&zoom=0](https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone_cache&X=7195706.12&Y=275054.87&zoom=0)

Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/naturbase/>

Kulturminnesøk: <https://kulturminnesok.no/>

**Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv 2020-2023**

<https://innsyn.onacos.no/austevoll/wfdocument.ashx?journalpostid=2019017084&dokid=289243&versjon=1&variant=A&>

**Klima- og energiplan (vedteke 2010)**

[https://www.austevoll.kommune.no/\\_f/p1/i9a156541-61a2-43d7-babc-3f377cb2d45e/klima-og-energiplan-vedteke-i-austevoll-kommunestyre-02112010.pdf](https://www.austevoll.kommune.no/_f/p1/i9a156541-61a2-43d7-babc-3f377cb2d45e/klima-og-energiplan-vedteke-i-austevoll-kommunestyre-02112010.pdf)

**Vann Nett portal:** <https://vann-nett.no/portal/>



Alle foto: Aase Rygg Nøttveit